



Leirdalen Barnehage Sa
Ievegen 2
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/756 - 17/6377

Saksbehandlar:
Mette Marei Træland
mette.m.traland@meland.kommune.no

Dato:
29.03.2017

Vedtak om kommunalt tilskot for 2017

Tilskot til ikkje-kommunale barnehagar er regulert i Barnehageloven §14 og forskrift om tildeling av tilskot til private barnehagar §1, og det er dette som ligg til grunn for utrekninga av tilskotet for 2017.

Det blir framleis nytta eit teljetidspunkt, den 15. desember, med rapportering om tal barn, barna sin alder og opphaldstid i barnehagane.

«Meland kommune har gjort vedtak om tilskot til drift og kapital på kr 5 094 074 til Leirdalen barnehage for 2017.

Av denne summen utgjer kr 318 200 kapitaltilskot.

Berekning av drifts- og kapitaltilskot er gjort slik:

- 1) Tilskot pr omrekna heildagsplass.

Små barn (0-2 år)	Kr. 180 108
Store barn (3-5 år)	Kr. 85 702
Kapitaltilskot	Kr. 8 600

2) Omrekna heildagsplassar i barnehagen som ligg til grunn for utrekning av tilskotet:

	Frå årsmeldinga 15.des 2016
Små barn (0-2 år)	17,0
Store barn (3-5 år)	20,0
Sum	37,0

c. Tilskot for 2017 vert basert på nøkkeltala over.

Barnehageeigar kan klage til Fylkesmannen over Meland kommune sitt vedtak innan tre veker etter vedtaket er kunngjort, jfr forvaltningslova §§28 og 29. Klagen skal sendast via Meland kommune, jfr forvaltningslova § 32. Barnehageeigar har rett til å sjå dokumenta i saka, jfr forvaltningslova § 27 tredje ledd.

Barnehagar som i løpet av året mottok høgare tilskot enn dei har krav på etter feil frå barnehagen si side, kan etter vedtak frå kommunen måtte tilbakebetale tilskot, jfr forskrift om tilskudd til private barnehager §13 Vi gjer og merksam på at Meland kommune kan gjere om vedtaket dersom vedtaket inneheld reknefeil eller andre faktiske feil, jfr forvaltningslova § 35, femte ledd.

Med helsing

Ingvild Hjelmtveit
rådmann

Mette Marei Træland
barnehagefagleg rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Leirdalen Barnehage Sa

levegen 2

5917

ROSSLAND